

Munnleg ordinering av medisin blei misforstått

Ein døydande pasient fekk lindrande behandling mellom anna med smertestillande. Lege vart tilkalla for å dosere medisinen. Pasienten hadde allereie fått smertestillande medisin i blodåre, men hadde framleis svært vondt. Legen ordinerte meir smertestillande, men denne gongen at det skulle gjevast i underhudsvevet. Først etter at medisinen vart gitt vart det oppdaga at medisinen var gitt på annan måte enn det legen hadde tenkt. Feilen vart raskt oppdaga. Pasienten vart observert, men trass dosen med medisin direkte i blodåra var ikkje pasienten fullgodt smertelindra. Han hadde såleis ikkje nokon skade av forvekslinga.

Årsaksanalyse:

Årsaka til denne hendinga kan ha samanheng med at lege og sjukepleiar var van med å gje dette medikamentet på ulike måter, og at kommunikasjonen kring dette var uklår. Ved å gje medikamentet i underhudsvevet får ein langsam effekt av medisinen som varer over lenger tid. Medikamentet kan også gjevast gjennom blodåra. Dette gjev ein mykje raskare og dermed sterkare effekt, men så er effekten meir kortvarig. Når ein gjev medikamentet direkte i blodåra er det større fare for biverknad som til dømes svakare pust.

Tiltak:

- Legen vart hos pasienten og observert eventuelle biverknader i 15-20 minutt etter doseringa. Ingen biverknad vart observert.
- Både lege og sjukepleiar må ha klar og tydeleg kommunikasjon om medikament, styrke og administrasjonsmåte.
- I størst mogleg grad skal medikamenta vere ordinert skriftleg i journalen før dei blir gitt, for å sikre at alt blir forstått.
- Det skal alltid vere dobbeltkontroll når medikament blir gitt.
- Elektronisk kurve er innført for å sikre rett medisineringsmåte.

Pasienttryggingsutvalet (PTU) si vurdering av saka:

PTU meiner at innføring av elektronisk kurve har auka tryggleiken ved administrering av medisinar i føretaket. Dersom ein ikkje har tid til å vente på at medikamentet blir ordinert skriftleg i den elektroniske kurva, må både lege og sjukepleiar saman kontrollere både medikamentnamn, styrke, mengde og administrasjonsmåte. Dette for å sikre seg at rett medisin vert gitt på rett måte.